

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 67/2004**

**av 26. april 2004**

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 96/2003 av 11. juli 2003<sup>(1)</sup>.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 2318/2003/EF av 5. desember 2003 om vedtaking av eit fleirårig program (2004-2006) for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringsystema i Europa (programmet for e-læring)<sup>(2)</sup>.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2004 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I protokoll 31 artikkel 4 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 2h skal nytt nr. 2i lyde:  
“2i. EFTA-statene skal fra 1. januar 2004 delta i følgende program:
  - **32003 D 2381:** Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 2318/2003/EF av 5. desember 2003 om vedtaking av eit fleirårig program (2004-2006) for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringsystema i Europa (programmet for e-læring) (TEU L 345 av 31.12.2003, s. 9).”

---

<sup>(1)</sup> TEU L 272 av 23.10.2003 s. 34, og EØS-tillegget til TEU nr. 54 av 23.10.2003, s. 11.

<sup>(2)</sup> TEU L 345 av 31.12.2003, s. 9.

2. Teksta i nr. 3 skal lyde:

”EFTA-statene skal bidra finansielt til programmene og tiltakene nevnt i nr. 1, 2, 2a, 2b, 2c, 2d, 2e, 2f, 2g, 2h og 2i i samsvar med artikkel 82 nr. 1 bokstav a).”

*Artikkel 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(\*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2004.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 26. april 2004.

*For EØS-komiteen  
Formann*

*P. Westerlund*

*Sekretærer for EØS-komiteen*

*Ø. Hovdinn*

*M. Brinkmann*

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.